

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:  
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,  
Seljord, Tokke og Vinje.

6. januar 2018

## *Innkalling til rådsmøte*

<b>Stad:</b>	<b>Straand hotell Vrådal</b>
<b>Dato:</b>	<b>Tysdag 13. februar 2018</b>
<b>Kl. :</b>	<b>09.00</b>

Vi ynskjer velkomen til Vrådal!

Venleg helsing  
Vest-Telemarkrådet

Jon Rikard Kleven (sign)  
Regionordførar

Anne Aasmundtveit  
Regionrådsleiar

*Seljord, 13. februar 2018*

## **Sakliste til rådsmøte 13. februar 2018**

Sak 01/2018 Referat frå rådsmøte 14. november 2017

Sak 02/2018 Referat – og orienteringssaker

- Regionalt partnerskapsavtala er skriven under
- Skjønnsmidlar 2018
  - Prosjektet VIS – veiledning, integrering og samskaping
  - Digitalisering
  - Rondes prosjekt

Sak 03/2018 Mattilsynet - felles kontorstad Bø/Seljord

Sak 04/2018 Mogleg felles NAV-kontor i Vest-Telemark

Sak 05/2018 Digitalisering

Sak 06/2018 Eventuelt

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 14. november 2017.**

Tilstades: Regionordførar Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Halfdan Haugan, Jarand Felland, Halvor Homme, Tarjei Gjelstad, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, John Kleiv, Sverre Sæter og Øystein Tveit.

Frå adm møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

## **Sak 45/2017. Referat frå rådsmøte 10. oktober 2017.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 10. oktober 2017 vart samrøystes godkjent.*

## **Sak 46/2017. Forslag til delegeringsreglement Vest-Telemarkrådet.**

Det låg føre forslag til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet. Forslaget er ei samanstilling av delegeringsreglement, økonomireglement, innkjøpsreglement samt etiske retningslinjer.

Etter ordskifte vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

*Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet med ei presisering om at AU skal gjennomføre utviklingssamtaler med regionrådsleiar og fastsetje løna for alle tilsette i administrasjonen.*

*Forslaget vert å legge fram for endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017.*

## **Sak 47/2017. Saker til møte med Telemarksbenken, gjennomgang.**

Som førebuing til det etterfylgjande møtet med Telemarksbenken, gjekk Vest-Telemarkrådet gjennom saklista til møtet. Dei oppsette sakene vart drøfta og det vart fastsett kven som skulle legge fram kvar enkelt sak i møtet med Telemarksbenken.

## **Sak. 48/2017. Forslag til sakliste for møtet i Tinget 5. desember 2017.**

Det låg føre forslag til sakliste for det komande møtet i Vest-Telemarktinget 5. desember. Til saken om val av regionordførar og regionvaraordførar for komande to-årsperiode, låg det føre forslag frå valnemnda. Andre saker på saklista var forslag til arbeidsprogram for perioden 2018 - 2019, forslag til budsjett 2018 samt forslag til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet.

Rådet drøfta nærare rundt det faglege innslaget om regjeringas forslag til omlegging av eigedomsskatten, og kom til at ein vil invitere styreleiar Torfinn Opheim i LVK for å orientere nærare om saken.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for møtet i Tinget 5. desember 2017.*

## **Sak 49/2017. Orienteringssaker/Ymse.**

*Mattilsynet - felles kontorstad.*

Regionrådsleiar orienterte kort om ei melding frå Mattilsynet avd Telemark, der avdelingssjef Jan Egil Aronsen ynskjer å kome til Vest-Telemarkrådet for å informere nærare omkring prosessen rundt felles kontorstad for øvre Telemark. Planen er at det skal ligge føre innstilling innan 1. mars 2018, der hovudkontoret skal ta avgjerd om plasseringa.

*Vedtak: På bakgrunn av meldinga frå Mattilsynet vil Vest-Telemarkrådet invitere avdelingssjef Jan Egil Aronsen til fyrste rådsmøtet på nyåret, fastsett til 13. februar 2018.*

*Vest-Telemarkkonferansen 31. januar 2018.*

Ole Dalen orienterte nærare om førebuinga av konferansen så langt. Ein vonar å få Trygve Slagsvold Vedum som ein av hovudtalarane, men dette er ikkje avklart. I likskap med inneverande år vert konferansen og yrkesmessa på Dalen arrangert på ulike datoar. Ut frå signal frå Vest-Telemark vidaregåande skule, er det viktig at regionen også tek ansvar i høve til yrkesmessa.

*Digitalisering.*

Etter drøfting kom ein fram til at vi må ha ein felles digitaliseringsstrategi som grunnlag i eit vidare samarbeid. Eit samarbeid på digitalisering vil også kreve ei økonomisk satsing og truleg ei stilling knytt til dette. Før ein arbeider vidare med oppretting av eit formelt samarbeid, må ein forankre dette politisk i alle deltakande kommunar og ha forpliktande budsjett/økonomisk grunnlag. Det ligg føre utkast til eit slikt samarbeid i rapporten om ”*Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark – IKT*” side 45. (Rapporten finst her : [http://www.vt-radet.no/2017/02/16/interkommunalt-samarbeid-naering-reiseliv/2017-ikt-interkommunalt-samarbeid-vt\\_2-1/](http://www.vt-radet.no/2017/02/16/interkommunalt-samarbeid-naering-reiseliv/2017-ikt-interkommunalt-samarbeid-vt_2-1/))

*Vedtak : Rådmennene får i oppdrag å legge fram likelydande sak til kommunestyra før ein går vidare med regionalt samarbeid på digitalisering i Vest-Telemark.*

*Referent: Kjell Gunnar Heggenes.*

# Avtale om Regionalt Partnerskap Telemark

## 1. Bakgrunn

Telemark har et stort potensial for å videreutvikle lokale og regionale fortrinn i en stadig sterkere konkurranse med nasjonale og internasjonale aktører. I Telemark er det en rekke aktører som arbeider for å utvikle flere arbeidsplasser og øke kompetansen og verdiskaping i næringsliv og offentlig sektor. Gjennom å samordne innsats på tvers av geografi, virkemiddelaktører, kunnskapsinstitusjoner og forvaltningsnivåer skal det regionale partnerskapet bidra til at Telemark står sterkere rustet framover.

Fylkeskommunen arbeider for å fremme regional utvikling, og har et lederansvar for mobilisering og samordning av relevante aktører i det strategiske arbeidet for slik utvikling.

Fylkeskommunene forvalter regionale utviklingsmidler i tråd med forskrifter og retningslinjer. Det kreves fra Kommunal og moderniseringsdepartementet at bruken av midlene skal prioriteres gjennom forpliktende regionalt partnerskap mellom fylkeskommunene og aktører som kommuner/regionråd, utdanning/akademia, arbeidslivets parter, virkemiddelapparatet og næringslivet.

Det inngås herved en avtale mellom Telemark fylkeskommune, kommunene ved regionrådene, Fylkesmannen, Høgskolen i Sørøst Norge, NAV, LO, NHO, virkemiddelaktører herunder SIVA, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd, Inkubatoren Proventia, Telemark Næringshage, Landbruket v/ bondelaget og småbrukarlaget samt næringsutviklingsselskapene i fylket, om etablering av et regionalt partnerskap - Regionalt Partnerskap Telemark.

## 2. Formål

Formålet med Regionalt Partnerskap Telemark er gjennom samarbeid og felles prioriteringer å bidra til flere arbeidsplasser og økt verdiskaping i næringslivet i Telemark.

### Punkt 3 Partnerne

Regionalt Partnerskap Telemark er satt sammen av likeverdige partnere.

Telemark fylkeskommune, kommunene ved regionrådene, Fylkesmannen, Høgskolen i Sørøst Norge, NAV, LO, NHO, virkemiddelaktører herunder SIVA, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd, Inkubatoren Proventia, Telemark Næringshage, Landbruket v/ bondelaget og småbrukarlaget samt næringsutviklingsselskapene i fylket.

Partnerskapet vil rådføre seg med å trekke inn andre aktører der dette er relevant. Aktuelle slike aktører er klynger og nettverk, bransje- og interesseorganisasjoner, samt FOUI-aktører.

#### **Punkt 4 Forpliktelser**

Avtalen forplikter Partnerne til å:

- a. Arbeide aktivt for bærekraftig utvikling, grønn vekst og kunnskapsutvikling i Telemark og de enkelte regionene.
- b. Støtte opp under hverandres arbeid der det er naturlig
- c. Delta i relevante regionale plan- og strategiprosesser, og i utformingen av Telemark fylkeskommunes årlige handlingsprogram for vekst og verdiskaping, herunder prioritere innsatsområder
- d. Være med å skape økt kunnskap om og tilslutning til regionale prioriteringer.
- e. Arrangere en årlig partnerskapskonferanse blant annet ved å involvere det politiske lederskapet på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
- f. Ivareta samarbeidet med Etablererkontoret Telemark.

#### **Punkt 5 Organisering**

Regionalt Partnerskap Telemark ledes av Telemark fylkeskommune ved næringssjefen. Telemark fylkeskommune er sekretariatet. Arbeidet organiseres etter behov. På Næringskollegiet årlige møte, orienterer Partnerskapet om pågående arbeid/saker/prosesser.

#### **Punkt 6 Endring av avtalen**

Endring av denne avtalen forutsetter flertall blant partnerne.

#### **Punkt 7 Uttreden**

Den enkelte partner kan tre ut av avtalen med minst 3 måneders varsel. Uttreden skjer ved årsskifte.

#### **Punkt 8 Varighet**

Avtalen har en varighet på 2 – to år fra og med 1. januar 2018. Avtalen fornyes uten varsel med ytterligere to år, dersom ikke annet er avtalt mellom partnerne.

Avtale om Regionalt Partnerskap Telemark

**Signatur:**

**Dato:**

Høgskolen i Sørøst-Norge

Fylkesmannen i Telemark

NAV Telemark

LO Telemark

NHO Telemark

SIVA

Innovasjon Norge/ BTV

Norges Forskningsråd

Inkubatoren Proventia AS

Telemark Næringshage

Bondelaget i Telemark

Småbrukarlaget i Telemark

Vest- Telemarkrådet

Midt- Telemarkrådet

Grenlandssamarbeidet

Kongsbergregionen

Vekst i Grenland IKS

Rjukan Næringsutvikling AS

Notodden Utvikling AS

Midt- Telemark Næringsutvikling AS

Telemark fylkeskommune



# Prioritering

– skjønnsmidlar til Vest-Telemarkrådet 2018

*Framlagt i AU 29.01.2018, på møtet: Sverre Sæter, Jarand Felland, Jon Rikard Kleven, Anne Aasmundtveit og Ole Dalen.*

Under er forslag til bruk av skjønnsidlar for 2018. Frist for søknad til Fylkesmannen er sett til 1. februar 2018. Dett er også fristen for rapportering til fylkesmannen.

## 2018

Rammene for skjønnsmidlar frå Fylkesmannen har over lengere tid vore 1.710.000,- kr til Vest-Telemark. I budsjett for 2018 er det budsjettert med fylgjande:

Prosjekt	Prosess	Sum - skjønnsmidlar
Prosjekt "spesialundervisning i VT".	Presentasjon av Ronds Schade av prosjekt i Rådsmøte 22. august.	800.000
Digitalisering	Satsing basert på digitaliseringskonferanse i Vrådal 23. august 2017 og generellt stort ynskje om felles satsing på digitalisering i VT.	910.000
<b>SUM</b>		<b>1.710.000</b>

## Forslag til justering

På møte i rådmannsutvalet 3. januar 2018 hadde Vinje kommune eit aktuelt prosjekt der dei ynskja vurdert bruk av skjønnsmidlar for 2018. Prosjektet er knytt til eit interkommunalsamarbeid mellom Øvre Eiker, Larvik og Vinje kommune. Prosjektet VIS – Veiledning, Integrering og Samskaping har som mål å bidra til betre reell integrasjon ved å nytte nye lærings- og refleksjonsmetodar. Det er utforma mandat for dette, og avgjersla for deltaking må takast i AU, sidan hverken Rådmannsutvalet eller Vest-Telemarkrådet har møte innan fristen.

Administrasjonen i VTR tilrår denne justeringa:

Prosjekt	Prosess	Sum - skjønnsmidlar
Prosjekt "spesialundervisning i VT".	Presentasjon av Ronds Schade av prosjekt i Rådsmøte 22. august.	800.000
Digitalisering	Satsing basert på digitaliseringskonferanse i Vrådal 23. august 2017 og generellt stort ynskje om felles satsing på digitalisering i VT.	770.000
VIS	Kort varsling i RU 3. januar 2018. Presentert i AU 28.01.2018	140.000
<b>SUM</b>		<b>1.710.000</b>



## Sak 03/2018 Mattilsynet – felles kontorstad Bø/Seljord

### Bakgrunn

I møtet av 14. november 2017, fatta Vest-Telemarkrådet følgjande vedtak: *På bakgrunn av meldinga frå Mattilsynet vil Vest-Telemarkrådet invitere avdelingssjef Jan Egil Aronsen til fyrste rådsmøtet på nyåret, fastsett til 13. februar 2018.*

Jan Egil Aronsen stiller i rådsmøtet kl. 09.00 for å gi ei orientering om samlokaliseringsprosessen. Frist for innstilling er 1. mars 2018.

Det vil og bli gitt ein presentasjon av Seljord som det framtidige felles kontorstad for Øvre Telemark.

Vest-Telemarkrådet sendte ei uttale om lokalisering av Mattilsynet til hovudkontoret 1. september 2017, der vidareføring av distriktskontoret på Dyrskuplassen vart argumentert for.

Det er fleire andre aktørar (Seljord Bondelag, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Seljord kommune, Hjartdal kommune, Telemark Bondelag, Seljord FRP, Seljord Venstre saman med Venstre i Kviteseid og Vinje) som har sendt inn uttale til Mattilsynet der dei argumenterar sterkt for at kontoret på Dyrskuplassen i Seljord blir oppretthalde.

Vedlagt fylgjer eit informasjonsskriv om Mattilsynet generelt og kontoret i Seljord spesielt.

# Mattilsynet

## Generelt

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som er med på å sikre forbrukarane trygg mat og trygt drikkevatt. Mattilsynet fører tilsyn med dyrehelsepersonell og har oppgåver i høve til kosmetikk og legemiddel.

Mattilsynet sine roller er å utarbeide framlegg til, forvalte og rettleie om regelverk, føre eit risikobasert tilsyn, formidle informasjon og kunnskap og ha beredskap. Mattilsynet skal gi faglege råd til Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Mattilsynet består av eit hovudkontor og 5 regionkontor; Region Midt (16 kontorstader), Region Nord (20 kontorstader), Region Stor-Oslo (10 kontorstader), Region Sør og Vest (13 kontorstader) og Region Øst (16 kontorstader). Administrerande direktør er Harald Gjein.

Telemark høyrer inn under Region Øst saman med Vestfold, Buskerud, Hedmark og Oppland, der regiondirektør er Wenche Aamodt Furusest. Det er i dag tre kontor i Telemark; Seljord, Bø og Porsgrunn, der avdelingssjef er Jan Egil Aronsen

Mattilsynet i Seljord har i dag tilsynsansvaret for 12 kommunar; Bø, Hjartdal, Notodden, Nome, Tinn, Sauherad, Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Tokke og Vinje.

Ansvarsområda er dyrehald, næringsmiddel, småskala matproduksjon, og vassverk.

[Retningslinjer for lokalisering](#)<sup>1</sup> av statlege arbeidsplassar ligg til grunn for lokalisering av felles kontorstad i Øvre Telemark:

1. *Kostnadseffektivitet og effektiv oppgaveløysing*
2. *Nærleik til tenesta*
3. *Kompetansekrav til dei som skal utføre tenesta*
4. *Verkemda sitt behov for nærleik til særskilt infrastruktur eller spesielle typer fagmiljø*

Mattilsynet har fått eit budsjettkutt på kr. 60 mill for inneverande år.

## Mattilsynet i Seljord

- Mattilsynet i Seljord har i dag 5 årsverk, fordelt på 5 personar.
- Er i dag samlokalisert med Dyrsku'n Arrangement på Dyrskuplassen.
- Dette kontoret har tilsynsansvar for eit stort geografisk område. Av alle tilsynsobjekt i dag, er 65% med kortast avstand frå Seljord. Bø dekkjer 35% av tilsynsobjekta. Dersom nytt kontorstad skulle bli Bø, kan ein legge til yttarlegare 6 km.
- Når det gjeld talet på tilsynsobjekt er t.d. dyretallet stabilt. Det er færre, men større einingar. Reiseliv med auka tal på hyttebygging krev auka tilsyn med vatn og kloakk, og det blir fleire tilsyn med aukande tal på serveringsstader.
- Seljordkontoret driv med utstrakt rådgjeving. Dette er spesielt viktig for produsentar av lokalmat. I så måte er lokaliseringa på Dyrsku'plassen veldig verdifullt. Det å vera i tett dialog med Dyrsku'n som legg ned betydeleg innsats og ressursar i utvikling og formidling av mat viktig.
- Seljordkontoret har svært god kunnskap om dei geografiske og lokale områda dei dekkjer.
- Lange avstandar og dårlege vegar er spesielt utfordrande ved rask utrykning ved bekymringsmeldingar.
- Relevant kompetansemiljø i Seljord er t.d. Sweco og Norconsult. Elles er kompetansemiljøet på Norges miljø- og biovitenskapelige universitet på Ås særdeles viktig.
- Seljord veterinærkontor med sine sju veterinærar har eit nært dialogforhold til Mattilsynet og yter fyrstelinjetenester knytt til dyrehelse og dyrevelferd.

<sup>1</sup> <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Nye-retningslinjer-for-lokalisering-av-statlige-arbeidsplasser-og-statlig-tjenesteproduksjon/id2342591/>

## Sak 04/2018 Mogleg felles NAV-kontor i Vest-Telemark

Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2017/527-10	Sverre Sæter,35048402	024	05.02.2018

**Notat frå Rådmannsutvalet om felles nav-kontor i Vest-Telemark**

Vest-Telemarktinget gjorde slikt vedtak i sak 14/2017 i møte sitt den 5. desember i fjor:

Vest-Telemarktinget ber rådmennene kome med tilråding i saken til møtet i Vest-Telemarkrådet  
13. februar 2018. Samrøystes vedtak.

I protokollen frå tingmøtet står det mellom anna:

Det vart også vist til at ein bør fastslå lokalisering av kontoret før ein legg ned eit stort arbeid i høve til omorganiseringa.

Rådmannsutvalet vel difor å avgrense arbeidet sitt i denne omgangen til å handle om lokalisering av eit mogleg sameint nav-kontor.

Dei siste tre gongane det har vore møte i rådmannsutvalet etter tingmøtet sist har lokalisering av eit felles nav-kontor vore drøfta.

**Saksutgreiing:**

I dag er det eit fullverdig NAV-kontor i alle dei seks kommunane i Vest-Telemark. Jamt over ligg kommunen inne med berre litt over minimumsløysinga i Partnerskapet. Det har vore lite justering på dette sidan oppstart.

Både Stortingsmelding nr. 33, rapporten "Utvikling av NAV-kontor" og nasjonale hovudprioriteringar omtalar framtidige NAV-kontor med innhald annleis enn me ser i dag. Kontora skal bli meir myndige og det vert lagt opp til at sakshandsamarar sjølve skal utføre meir vidtgåande oppfølgingsseriar enn dei gjer i dag (ta heim tenester og møte brukaren ute på skule/treningsplass/arbeidsplass).

Heile infrastrukturen til NAV er i rivande utvikling. Fleire og fleire tenester vert digitalisert, og ein hovudtanke er at det er i møte med brukar NAV skapar verdi.

NAV si arbeidsevnevurdering grupperer arbeidssøkjarene etter innsats: 1) Varig tilpasset innsats, 2) Særskilt tilpassa innsats, 3) Situasjonsbestemt innsats og 4) Standard innsats. Dei knappe sakshandsamarressursane må i auka grad settast inn mot dei med nedsett arbeidsevne og trong for tilpassa innsats.

Tilsette i NAV er svært gode til å avdekke brukarane sitt sørvisbehov. Ein heilt medviten strategi i NAV er å ikkje prioritere ressursar på brukarar med innsatsbehov 3 og 4, for å kunne klare å skape verdi i møte med brukarar med innsatsbehov 1 og 2.

Heile kanalstrategien til NAV underbygger slike prioriteringar.

I dag er det ikkje alltid like lett å praktisere slike skarpe prioriteringar. NAV-kontoret finst lokalt og det er ope for drop-in. Dette bind opp mykje ressursar

Sidan 2008 har det vore eit minimumsnivå for kor lite eit NAV-kontor kan vere. To av våre kontor i Vest-Telemark har stått på denne botnplanken. No er den vekk, og realitetane beskrive over kjem inn med full tyngde også for dei minste kontora (som kan hende allereie i utgangspunktet slit med å få endane til å møtast)

I dag er det 17,59 statlege stillingar i Vest-Telemark (statlig del av Partnerskapet) Dersom Telemark hadde følgd den nasjonale fordelingsmodellen, som blir brukt ved Fylkestildelinga (som tek omsyn til folkesetnad, arbeidsløyse, nedsett arbeidsevne, sjukefråvær, innvandrara etc.) skulle det vore 11,2 stillingar i Vest-Telemark. Dette gjer at det er omlag 6 stillingar for få i andre kontor i Telemark (Skien – Porsgrunn – Bamble og Drangedal)

NAV reknar med årlege budsjett-kutt (digitaliseringsgevinstar og effektiviseringsgevinstar + generell offentlig nedtrekk) frametter.

Ein måte å organisere NAV i Vest-Telemark på for å møte prioriteringskrava er å samla alle ressursane i ein organisasjon og oppretthalde lokale møtestadar til møter med dei brukarane som har det mest omfattande innsatsbehovet. Då understrekar ein samstundes at andre brukarar får tenester avpassa sitt behov, og i større grad vert leda inn i å bruke NAV sine sjølvbeteningsløyser.

Rådmannsutvalet meiner, som argumentert over, at det er overvekt av argument for å etablere eitt felles nav-kontor i Vest-Telemark. Sentrale føringar med å etablere såkalla myndige einingar går ikkje vår veg om me vel å ha det som i dag.

Avgjersla om å peike på ein vertskommune har rådmannsutvalet freista bygge på eit utval av objektive kriterier lagt inn i ei matrise med utrekningsformlar for rangering. Matrisa følger som vedlegg.

I rådmannsutvalet si vurdering av vertskommune er følgjande kriterium valt (m/vekt):

- Krav til infrastruktur (nærleik til andre typar fagmiljø, offentlege myndigheiter m.m.) **40 %**
- Kompetansekrav (Tilgang på kompetent personell til å utføre arbeidsoppgåvene) **30 %**
- Kostnadseffektivitet (effektiv oppgåveløysing) **20 %**
- Krav til nærleik til tenesta (avstand for brukar, avstand for tilsett) **10 %**

Konklusjonen, slik den kan lesast ut av matrisa, er at det er svært vanskeleg i Vest-Telemark å peike ut *ein* kommune som det opplagte valet til vertskommune basert på objektive kriterium. Både Kviteseid, Tokke, Vinje og Seljord står fram som gode val som vertskommune.

Argument utover dei som er teke med i matrisa kan vere:

- Trygg avstand til eit felles kontor for Bø/Nome og Sauherad
- Røynsle med regionaliserte velferdstenester
- Samarbeidspartnarar

Nav-kontoret for Bø/Sauherad og Nome blir i så stor grad myndig at det truleg også etter kvart vil få tildelt spesialtenester. Eit så myndig kontor kan det både vere ei føremon og ei ulempe å vere nære. Faren kan gå på at med tida kan vårt kontor lett bli absorbert. Er ein redd for at det skal skje, bør eit felles nav-kontor i Vest-Telemark vere anten i Vinje eller Tokke.

Før Nav si tid var det arbeidskontor i Dalen. Tokke har altså lang røynsle med å gje regionale velferdstenester. Dette talar for at Tokke blir vertskommune for NAV i Vest-Telemark.

Kviteseid har allereie regionale tenester som PPT og barnevern. Ved å leggje NAV til Kviteseid, kan ein argumentere for at dette vil styrke fagtilbodet til utsette grupper.

Rådmannsutvalet avsluttar med å seie at val av vertskommune basert på dei valte kriteria ikkje gjev ein opplagt vinnar. Likevel ligg det så mange føremoner i det å etablere eit felles (seks kommunar) nav-kontor, at vår eintydige tilråding blir å arbeide for at dette skjer. Så vil me oppretthalde rådet om at det trass vanskar vert klargjort kva for ein av kommunane som blir vertskommune før det vert starta eit utgreiingsarbeid om hensikt.

### **Forslag til vedtak**

Vest-Telemarkrådet tek utgreiinga frå Rådmannsutvalet om lokalisering av eit felles nav-kontor i Vest-Telemark til vitande, og drøfta seg fram til ei tilråding om vertskommune.

Rådmennene får i oppgåve å fremme sak til sine respektive kommunestyrer om etablering av eit felles nav-kontor i Vest-Telemark, der det framdrøfta valet av vertskommune er omforeina tilrådd av Rådet.

		Vinje		Tokke		Seljord		Kviteseid		Fyresdal		Nissedal	
	Vekt	Score	Begrunnelse	Score	Begrunnelse	Score	Begrunnelse	Score	Begrunnelse	Score	Begrunnelse	Score	Begrunnelse
<b>Krav til Infrastruktur -</b>	<b>40%</b>	<b>80</b>		<b>80</b>		<b>80</b>		<b>80</b>		<b>10</b>		<b>10</b>	
Nærhet til til andre typer fagmiljøer, offentlige myndigheter mm													
<b>Kompetansekrav -</b>	<b>30%</b>	<b>70</b>		<b>60</b>		<b>60</b>		<b>60</b>		<b>30</b>		<b>30</b>	
Tilgang på kompetent personell til å utføre arbeidsoppgavene													
<b>Kostnadseffektivitet -</b>	<b>20%</b>	<b>70</b>		<b>65</b>		<b>70</b>		<b>70</b>		<b>30</b>		<b>30</b>	
Og effektiv oppgaveløsning													
<b>Krav til nærhet til tjenesten -</b>	<b>10%</b>	<b>60</b>		<b>60</b>		<b>60</b>		<b>60</b>		<b>40</b>		<b>40</b>	

100%

#### Poengiving

0 = Ikkje mogleg / vil ikkje fungere

10 = Kan fungere

20 =

30 =

100 = Optimalt

Avstand for brukarar

Avstand for tilsette

Samarbeidspartnarar

Erfaring med kontor i Vest-Telemark

Kommunikasjon

	Poeng	Rangering
Vinje	73,0	1
Tokke	69,0	3
Seljord	70,0	2
Kviteseid	70,0	1
Fyresdal	23,0	3
Nissedal	23,0	2

## **Sak 05/2017 Digitalisering**

- Sak frå rådmannsutvalet.

### Bakgrunn:

Digitalisering har eit sterkt auka fokus i offentleg sektor, og vil truleg spele ei betydeleg rolle i kommunanes omstillingsarbeid og tenesteleveranse i åra framover.

Digitalisering krev systematisk samarbeid på mange område, og for å lykkast må kommunane forplikte seg til samla utvikling, både på strategisk- og tenestenivå. Modell for dette arbeidet føreligg som del av rapport frå 2017 der det vart utgreidd forpliktande samarbeid på IKT. Ei felles satsing på digitalisering må ha forankring i den einskilde kommune, og rådmannsutvalet tilrår at kommunestyra har saka oppe til handsaming innan utgangen av april 2018.

Disposisjonen bygger mellom anna på opplegg som vert nytta i Kongsbergregionen.

### **Disposisjon**

Vedlagt saka ligg dokument "Disposisjon for digitalisering i Vest-Telemark" som er justert i tråd med innspela frå rådmannsutvalet 3. januar 2018. Kjernen i disposisjonen er som følger:

- Kommunane legg inn både økonomiske- og personalressursar i det vidare samarbeidet.
- Det er trong for å etablere ei eiga stilling i høve til felles digitalisering i Vest-Telemark. Denne stillinga vil også knytast til arbeid med personvernombod.
- Disposisjonen gjev grunnlag for vidare samarbeid, der det mellom anna skal definerast strategi/styring og avklaring av aktuelle samarbeidsområde.

### **Saksgong**

Saka var oppe i rådmannsutvalet 13. desember 2017 og 3. januar 2018, der det på siste møte vart konkludert slik:

*"Rådmannsutvalet innstiller til Rådet med framlegg om at personvernombod skal gå inn i den påtenkte stillinga som skal jobbe med felles digitaliseringsprosjekt. Elles nokre små justeringar på framdriftsplanen. Sak til kommunestyrene i april."*

### Forslag til vedtak:


*Vest-Telemarkrådet ser digitalisering som ei felles utfordring der det er klare fordelar å stå samla om, og stør rådmannsutvalet si innstilling til vidare arbeid. Saka sendast til kommunane for handsaming med målsetting om å starte felles samarbeid på digitalisering i tråd med framlagte disposisjon.*

Vedlegg: "Disposisjon for digitalisering i Vest-Telemark"

# Disposisjon for digitalisering i Vest- Telemark

5. februar 2018

**Til Vest-Telemarkrådet 13. februar 2018**





# Innholdsfortegnelse

<b>Samandrag</b>	<b>1</b>
<b>Digitalisering</b>	<b>1</b>
<b>Mål</b>	<b>1</b>
<b>Løysing</b>	<b>1</b>
<b>Forankring</b>	<b>2</b>
<b>Finansiering</b>	<b>2</b>
<b>Fellesprosjekt i Vest-Telemark</b>	<b>3</b>
<b>Kort om prosjekta</b>	<b>3</b>
Orden i eget hus	<b>3</b>
Digital kommunikasjon:	<b>4</b>
Velferdsteknologi 2017	<b>4</b>
Digitalisering 2018	<b>6</b>
<b>Aktuelle samarbeidsområde</b>	<b>8</b>
<b>Etablere stilling</b>	<b>8</b>
<b>Aktuell strategi/styring</b>	<b>10</b>
Status i Vest-Telemark:	<b>10</b>
DIGIVEST	<b>11</b>
<b>Budsjett</b>	<b>12</b>
<b>Kostnader</b>	<b>12</b>
<b>Finansiering</b>	<b>12</b>
<b>Forankring</b>	<b>13</b>
<b>Kjøreplan</b>	<b>13</b>
<b>Vedlegg og kjelder</b>	<b>14</b>

# Samandrag

## Digitalisering


Digitalisering er meir enn teknologi<sup>1</sup> og nokon meiner den største utfordringa kommunen står ovanfor er å klare å tilpasse seg når samfunnet endrer seg og utfordrar kommunens eigen agenda.

Digitalisering består av 80% organisasjonsendring og ny praksis og 20% teknologi. Ein bør gå inn i digitaliseringsprosessen med ein felles haldning om at digitalisering dreier seg i hovudsak om *ny kunnskap i organisasjonen* altså organisasjonsendring, der presset for innovasjon og endring kjem frå «marknaden» og «kundene», som i større grad ynskjer å bidra til tenesteutviklinga i kommunen. Ein kan sei at digitalisering er *forenkling, fornying og forbedring* med brukaren i sentrum<sup>2</sup>.

### Samanheng mellom IKT-drift og digitalisering

Digitalisering er eit samansett fagområde, og strategi og styring må sjåast i lys av digitaliseringas kompleksitet. Dette dokumentet er basert på ei forståing om at digitalisering innehar ulike «lag» som må sjåast i samanheng:

- Teknologi
- Applikasjoner
- Informasjon
- Forretning



*Illustrasjon - sammenheng mellom digitaliseringsprosess, kostnader og tidsfaktor. Erfaringsbasert, utforma av Grunde Seltveit, IKT-leiar i Tokke kommune.*

## Mål

Målet med dokumentet er å konkretisere vidare arbeidet knytt til digitalisering i Vest-Telemark.

## Løysing

Felles regionalt arbeid med digitalisering har vore tema i både Vest-Telemarktinget, Vest-Telemarkrådet og i Rådmannsutvalet. Rådmennene har kommet fram til fylgjande konklusjon:

- *Ein bør etablere ei eiga stilling i høve arbeid med felles digitaliseringsprosjekt.*
- *Ein må definere aktuell strategi/styring av vidare arbeid.*

<sup>1</sup> <https://www.digi.no/artikler/kommentar-digitalisering-er-mer-enn-teknologi/410398>

<sup>2</sup> Presentasjon 19.09.2017 «Digitalisering i Kongsbergregionen», Britt Inger Kolset

## Forankring

Kongsbergregionen har erfaring med digitalisering, og peiker spesielt på to område som må til for å jobbe raskare med digitalisering:

- Leierane (særskilt mellomleiarar) i kommunane må ha betre strategisk IKT-kompetanse
- Kommunane må bli betre på å hente ut gevinstar

God politisk og administrativ forankring i alle deltakende kommunar må ligge til grunn for arbeidet med digitalisering.

## Finansiering

Kommunane må være villige til å finansiere utvikling og drift av felles digitaliseringsarbeid framover. I 2018 vil ein kunne nytte VTR sine budsjettposter for oppretting av stilling og gjennomføring av planlagte digitaliseringsprosjekt. Dette dekkjast gjennom prosjektfinansiering frå mellom anna Fylkesmannen der det fylgjer krav om gjennomføring av felles tiltak. Ein legg til grunn at kommunane fylgjer opp med tilstrekkeleg prioritert intern personalkapasitet og eventuelle andre naudsynte investeringar med eigenfinansiering for å gjennomføre arbeidet.

# Fellesprosjekt i Vest-Telemark

Planlagte tiltak vil danne grunnlag for tilsetting av dedikert person knytt til digitalisering i Vest-Telemark.

## Fellesprosjekt

Prosjekt	Budsjett (i heile 1000)	Finansiering	Prosjektstatus	Start	Slutt
Orden i eget hus	1400	Skjønnsmidler og VTR	<b>Pågår.</b> Fellesprosjekt i Telemark. PA: Kongsbergregionen - planlagt pilot i VT frå august 2018.	2017	2018
Digital kommunikasjon	1800	Skjønnsmidler, VTR og eigeninnsats frå kommunane	<b>Planlagt.</b> Eigendel frå kommunane er sett til 100' per kommune (totalt 600').	2018	2018
Velferdsteknologi 2017	2420	Skjønnsmidler og eigeninnsats frå kommunene.	<b>Pågår.</b> Knytt til arbeid i regi av samhandlingskoordinator. Andel skjønnsmidlar: 1.210'.	2017	2018
Digitalisering 2018	770	Skjønnsmidlar	<b>Planlagt.</b> Søknadsfrist 1. februar 2018, mandat ligg i saka.	2018	2018

## Kort om prosjekta

### Orden i eget hus

(henta frå prosjektplanen): *Dette prosjektet handler om å utvikle et felles verktøy for å etablere nødvendige oversikter over hvilken informasjon som ligger lagret i hvilke systemer slik at strategiske satsinger og endringer kan gjøres bedre planlagt.*

*Verktøyet som utvikles vil kunne bidra til en standardisering og effektivisering av nødvendige kartleggingsprosesser i den enkelte kommune og gi et meget godt grunnlag for videre digitalisering og effektivisering.*

*Det er forutsatt at hver kommuneregion får oppfølging fra ekstern utviklingspartner med minst 100 timer hver for å sikre at gjennomføring/pilotering i kommuneregionen lykkes og bidrar til felles utviklingsmål.*

- *Framdriftsplan - Pilot for Vest-Telemark: august - oktober 2018.*
- *Skissert kostnad i årlig drift: 5.000,- per kommune og 1,5 kr i utviklingsbidrag per innbygger.*
- Organisering
  - Prosjekteigar: Midt-Telemarkrådet, Vest-Telemarkrådet, Kongsbergregionen og Grenlandssamarbeidet
  - Prosjektansvarlig (PA): Håvard Fossbakken
  - Prosjektleder (PL): Telemark kompetanse as v/ Erling Rønnekleiv

## Digital kommunikasjon:

Med kort frist bad Fylkesmannen i Telemark om søknad for gjennomføring av tiltak innanfor tema digital kommunikasjon. Mandat som vart utforma bør justerast og gjennomførast i den heilskaplege planen for digitalisering.

### Utfordring som skal løysast

Gjennomføringa skal sjå på konkrete tiltak innanfor digitalisering, og etablere digitaliseringsstrategi og forpliktande samarbeid på digitalisering for kommunane i Vest-Telemark.

Ei utfordring som vil krevje ekstra fokus, er at det er «to driftsmiljø» på IKT, og desse må også etablere godt samspel for at kommunane kan samarbeide på tenestenivå.

### Tiltaksplan

Tiltak	Forklaring	Budsjett
T1	Arbeidet med digitaliseringsstrategi i Vest-Telemark. Planlegging og forankring med politiske vedtak i alle kommunane	450
T2	Digital dialog mellom IKT-driftsmiljø i VT.	300
T3	«Digifrid» - pilot med «robotisering» av tenester i dialog med innbyggerane.	550
T4	Utrulling av «orden i eget hus» i Vest-Telemark.	300
T5	Automatisere lokale av innkjøp basert på felles rammeavtaler (løpende avrop)	200
	<b>Sum</b>	<b>1800</b>

Kostnader knytt til prosjektleiing er fordelt på budsjettet i tiltaka.

### Organisering

PA: Jan Myrekrok

PL: Ole Dalen

Arbeidsgruppe: Fylgjer tiltaksplan

Styringsgruppe: Rådmannsutvalet

### Tidsrom

Start: 01.11.2017

Slutt: 31.12.2018

## Velferdsteknologi 2017

Dette prosjektet er basert på søknad til Fylkesmannen for bruk av skjønnsmidler i 2017. Planen vart laga med tanke på trong for fellesprosjekt innan helsesektoren, og er så langt konkretisert til innføring av *mobil omsorg* som pågår i kommunane. Det vil være trong for status og justering før prosjektet kan sjåast på som ferdigstillt, og er derfor tatt med i denne oversikten. Det er viktig at alle delar av den kommunale verksemda er del av digitaliseringsprosessen, og helsesektoren er ein av dei store og viktige områda ein ser mykje endring og utvikling på.

## Bakgrunn

I møte i Vest-Telemarkrådet 14. februar 2017 blei det bestemt at samhandlingskoordinator Sissel J. Bitustøyl skulle leie eit felles arbeid innafor velferdsteknologi i Vest-Telemark i tillegg til samarbeid innan helse- og omsorg.

## Mål

Målet er å skape eit robust og kompetent fagmiljø i Vest-Telemark innan velferdsteknologi og dermed risikoavlaste den einskilde kommune ved val og innføring av ny teknologi.

## Mandat

Prosjektleder:

- skal etablere og leie ein arbeidsgruppe i VT
- er kontaktperson for fellesprosjektet med Telemark og Vestfold
- delta i kompetansenettverket til fylkesmann (organisert under Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester for Telemark).

Arbeids-/nettverksgruppa skal:

- bestå av 1-3 personar frå kvar kommune som skal arbeide med velferdsteknologi i kommunane
- delta i kompetansenettverket til fylkesmann
- vera knutepunkt for kontakt og formidling av informasjon om velferdsteknologi.
- vera pådrivarar i arbeidet med implementering av velferdsteknologi

Samarbeidet skal kartlegge behov i kommunane, skaffe seg felles kunnskap om velferdsteknologi og om mogleg syte for felles innkjøpsprosesser i Vest-Telemark og med kommunar i Telemark for å dra nytte av stordriftsfordelar.

## Organisering

Styringsgruppe: Rådmannsutvalet i VT

Prosjekteigar: Jan Myrekrok, Vinje kommune

Prosjektleder: Sissel J Bitustøyl, samhandlingskoordinator

Arbeidsgruppe:

Fyresdal: Anne Veum og Gry Synnøve Åmlid

Nissedal: Gry Sollie Hem og Jan Setane

Kviteseid: Bjørn Olav Haukelidsæher, Kristin Jacobsen og Une Marit Tangen

Seljord: Sigrid Kleiv og Tove Dyrland

Tokke: Astrid Heggelid og Harald Haukom

Vinje: Astrid Kvaal, Helen Slåtta Mathiesen og Laila Apeland

## Tidsrom:

1. mars 2017 til 1. mars 2018

## Økonomi

**Finansiering:** skjønnsmidler frå Fylkesmann og eige arbeid i kommunane og løn samhandlingskoordinator.

**Økonomistyring:** Prosjektregnskap på eksterne kostnader i regi av Vinje kommune.

## Digitalisering 2018

### Mål for tiltaket

Målet å strukturere det samla arbeidet knytt til digitalisering i Vest-Telemark, og definere strategi og fastsette organisatorisk styring av vidare interkommunalt samarbeid på området.

### Situasjonen - skildring

Digitalisering er meir enn teknologi og nokon meiner den største utfordringa kommunen står ovanfor er å klare å tilpasse seg når samfunnet endrer seg og utfordrar kommunens eigen agenda.

Digitalisering består av 80% organisasjonsendring og ny praksis og 20% teknologi. Ein bør gå inn i digitaliseringsprosessen med ein felles haldning om at digitalisering dreier seg i hovudsak om *ny kunnskap i organisasjonen* altså organisasjonsendring, der presset for innovasjon og endring kjem frå «marknaden» og «kundene», som i større grad ynskjer å bidra til tenesteutviklinga i kommunen. Ein kan sei at digitalisering er *forenkling, fornying og forbetring* med brukaren i sentrum.

Samanheng mellom IKT-drift og digitalisering

Digitalisering er eit samansett fagområde, og strategi og styring må sjåast i lys av digitaliseringas kompleksitet. Dette dokumentet er basert på ei forståing om at digitalisering innehar ulike «lag» som må sjåast i samanheng:

1. Teknologi
2. Applikasjonar
3. Informasjon
4. Forretning

### Utfordring som skal løysast

Felles regionalt arbeid med digitalisering har vore tema i både Vest-Telemarktinget, Vest-Telemarkrådet og i Rådmannsutvalet. Rådmennene har kommet fram til fylgjande konklusjon:

- Ein bør etablere ei eiga stilling i høve arbeid med felles digitaliseringsprosjekt.
- Ein må definere aktuell strategi/styring av vidare arbeid.

### Forankring

Kongsbergregionen har erfaring med digitalisering, og peiker spesielt på to område som må til for å jobbe raskare med digitalisering:

- Leierane (særskilt mellomleiarar) i kommunane må ha betre strategisk IKT-kompetanse
- Kommunane må bli betre på å hente ut gevinstar

God politisk og administrativ forankring i alle deltakende kommunar må ligge til grunn for arbeidet med digitalisering.

### Prosjektskildring

Vest-Telemarkkommunane samarbeider innanfor mange område i dag, og har nyleg gjennomført utreiing knytt til interkommunalt samarbeid på IKT der digitalisering vart sett tydeleg på agendaen. Vidare var det ei felles «digitaliseringskonferanse» hausten 2017 der kommunane samla seg rundt felles utfordringar for framtida.

Prosjektet har som hensikt å strukturere det samla arbeidet knytt til digitalisering i Vest-Telemark, og definere strategi og fastsette organisatorisk styring av vidare interkommunalt samarbeid på området. Dette vil krevje langsiktig planlegging og felles satsing, og prosjektet skal danne grunnlag for dette gjennom å etablere felles strategi, etablere struktur for felles styring i det vidare arbeidet og etablere felles stilling knytt til digitalisering og endringsprosessar knytt til temaet i Vest-Telemarkkommunane.

Prosjektet vil også ha strukturerande rolle med å få paralelle prosjekt til å stå samla og syte for at desse er utfyllande i den pågåande prosessen.

### Tidsrom

Start: 01.01.2018

Slutt: 31.12.2018

### Organisering

PE: VTR

PA: Rådmannsutvalet peiker ut PA (leiar for rådmannsutvalet er Sverre Sæter)

PL: skal tilsettast, peikast ut/tilsettast av PA.

Arbeidsgruppe: Etablerast etter PL er peika ut

Styringsgruppe: Rådmannsutvalet i VT

Referansegruppe: Etablerast etter PL er peika ut

### **Økonomistyring**

Vest-Telemarkrådet (prosjektadministrasjon).

### **Ressursbruk**

#### **Budsjett:**

Direkte kostnader for PL og tiltak: 770.000,-

Eige arbeid i kommunane og samhandlingskoordinator: 780.000,-

Totalt: 1.550.000,- kr

#### **Finansiering:**

Skjønnsmidlar frå Fylkesmannen: 770.000,- kr

Eigenfinansiering i kommunane og VTR: 780.000,- kr (100' per kommune og 180' i VTR-adm.)

#### **Kommentar til finansieringa** (frå «Disposisjon for digitalisering i Vest-Telemark»)

*Kommunane må være villige til å finansiere utvikling og drift av felles digitaliseringsarbeid framover. I 2018 vil ein kunne nytte VTR sine budsjettposter for oppretting av stilling og gjennomføring av planlagte digitaliseringsprosjekt. Dette dekkjast gjennom prosjektfinansiering frå mellom anna Fylkesmannen der det fylgjer krav om gjennomføring av felles tiltak. Ein legg til grunn at kommunane fylgjer opp med tilstrekkeleg prioritert intern personalkapasitet og eventuelle andre naudsynte investeringar med eigenfinansiering for å gjennomføre arbeidet.*



# Aktuelle samarbeidsområde

Samarbeidsområde må inngå i avtala knytt til digitalisering. Ein kan sjå for seg ein tilsvarande modell som Kongsbergregionen der ein tar utgangspunkt i ein felles digitaliseringsstrategi, og fastsett årlege handlingsplanar med tilhørende budsjett som finansierast av kommunane og eventuelle prosjekt med eksterne bidrag. Under er aktuelle område for samarbeid på digitalisering i Vest-Telemark.

- Etablere felles digitaliseringsstrategi.
- Informasjonssikkerhetsplan.
- Nye krav til personvern - på legg frå 28. mai 2018.
- Dersom det ikkje dekkjast av digitaliseringsstrategi: videreutvikle eksisterande konfigurasjonsstyret med felles IKT-strategi og innkjøpsstrategi (videreutvikling av konfigurasjonsstyre). Fokus på skule.
- Arbeide for samarbeid med Telemark Fylkeskommune.
- Samarbeid med omringnliggande regionar (Kongsbergregionen og Midt-Telemark).
- KS læring, bistå kommunane i bruk.
- Koordinere fellessaker knytt til digitalisering, og førebu og fylgje opp saker til rådmannsutvalet i samarbeid med IT-ansvarlege og andre fagpersoner i kommunane.
- Utforme søknadar på identifiserte område for digitalisering - søke ekstern medfinansiering på vegne av kommunane.

## Etablere stilling

Det er ynskje om å etablere ei eiga stilling i høve arbeid med felles digitaliseringsprosjekt. Ein stilling i 100% knytt til digitalisering vil i 2018 hovudsakleg knyttast til konkrete tiltak og påbegynne arbeidet med overordna systematisk arbeid knytt til digitalisering. Tiltak som skal gjennomførast med med finansiering frå skjønnsmidler og øvrig budsjett frå Vest-Telemarkrådet. Stillinga skisserast slik:

**Prosjektstilling:** 100%.

**Arbeidsgjeveransvar:** Vest-Telemarkrådet

**Styringsgruppe for stillinga:** Rådmannsutvalet i Vest-Telemark

**Varighet:** 3-årig prosjektperiode frå våren 2018 til våren 2021.

**Budsjett:** 1.000' per år (justerast der det ikkje er heile kalenderår: 2018 og 2021).

Budsjett	2018	2019	2020	2021
Fast løn - 100%	350 000	650 000	665 000	250 000
Sosiale kostnader (estimert til 30% av lønskostnad)	105 000	195 000	199 500	75 000
Andre kostnader*, og direkte kostnader til kontor, utstyr og reiser	45 000	155 000	135 500	175 000
	500 000	1 000 000	1 000 000	500 000

\* Tar høgde for noko auka lønnskostnad og rom for dekning av eksterne kostnader knytt til stillinga.

**Forventa tilsetning:** 4. mnd. etter utlysning, tidlegast 15. mai 2018.

**Utlysing:** Ei prosjektstilling kan utlysast etter vedtak i styret til Vest-Telemarkrådet. Førstkommende møte i VTR er sett til 13. Februar 2018. Det må foreligge forpliktande villighetserklæring frå av kommunane til å dekke forventa kostnader til stillinga for 2019, 2020 og 2021. Kostnadane for 2018 dekkast av budsjettert prosjektfinansiering i Vest-Telemarkrådet, hovudsakleg gjennom det planlagte prosjektet «Digitalisering og velferdsteknologi» med finansiering frå Fylkesmannen i Telemark.

**Ekstern finansiering til tiltak:** Med denne modellen for samarbeid, vil ein kunne rekne med å kvalifisere til finansiering av konkrete prosjekt framover. Eigenkapitalen kommunane legg i dette samarbeidet bør kunne inngå som andel i framtidig ekstern finansiering med tilsvarende storleik. Etablering av ein slik felles stilling vil derfor kunne tilføre både midlar og arbeidskraft til kommunane framover der det er definert konkrete utviklingsprosjekt.


### **Oppgåver**

Det er naturleg at oppgåvene for ei slik stilling knyttast til vedtekne samarbeidsområde. Oppgåvene må endrast i takt med trong og organisering av felles arbeid knytt til digitaliserings i Vest-Telemark med årlege handlingsplanar og eventuelle prosjektbaserte innføringsløp. Ein må forvente at ei felles stilling knytt til digitalisering må kunne bistå kommunane med kompetanse på fleire ulike fagområde.

# Aktuell strategi/styring

Digitalisering er eit samansett fagområde, og strategi og styring må sjåast i lys av digitaliseringas kompleksitet. Dette forslaget til *definering av styring/strategi* er basert på fylgjande syn på samanhengar knytt til digitalisering:

## SAMMENHENDER VED DIGITALISERING



**Lag 1** - TEKNOLOGI dreier seg om servere, nettverk og maskiner

**Lag 2** - APPLIKASJON handler om funksjonalitet og integrasjoner

**Lag 3** - INFORMASJON nyttast i prosessar

**Lag 4** - FORRETNING er knytt til arbeidsprosesser, organisasjon m.m.

## Status i Vest-Telemark:

**Lag 1** - Dette er grunnlag for all digitalisering, og er knytt til teknologi og interaksjon med menneska og tenestene kommunen leverer. Det nyttast også til det ein tradisjonelt kallar «IKT» og det er nyleg skrive ein rapport på korleis Vest-Telemarkkommunane kan samarbeide på dette området (sjå rapporten *Digitalisering og IKT drift - 2017 Interkommunalt samarbeid VT*).

**Lag 2** - Kommunane har i lang tid samarbeida med anskaffing av programvare og integrasjonar av denne. Det er rådmennene med støtte frå IKT-ansvarlege som har jobba med dette gjennom det såkalla «konfigurasjonsstyret» som er knytt til møta i Rådmannsutvalet. Kommunane har i stor grad like applikasjonar (viktig at kommunane knytt til seg kompetanse for å velje rett programvare).

**Lag 3** - Vest-Telemark deltek i utviklinga av fellesprogram for kartlegging av informasjon (prosjektet «*Orden i eget hus*»), med planlagt pilotering i august-oktober 2018. Det foreligg ingen samla oversikt på kva for informasjon som er lagra eller nyttast i kommunane i Vest-Telemark.

**Lag 4** - Det er ikkje vedteken at kommunane skal standardisere arbeidsprosessar og organisasjon (samanslåing). Ein må kartlegge i kva grad dette er naudsynt og ynskjeleg for å oppnå god effekt ved samarbeid på digitalisering.

<sup>3</sup> Dette prosjektet handler om å utvikle et felles verktøy for å etablere nødvendige oversikter over hvilken informasjon som ligger lagret i hvilke systemer slik at strategiske satsinger og endringer kan gjøres bedre planlagt.


## DIGIVEST

Styring følger tilråding i rapporten «Digitalisering og IKT drift» skriven av Torbjørn Dybdahl med modellen «Diginvest». Planen er gjengjeven,

### Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark – IKT

#### 3.5.7 Styringsmodell - Organisering av Digitalisering – Diginvest

Figuren syner korleis Styret, Diginvest, IKT Drift og Fageiningar kan spela saman. Blå piler signaliserer



korleis gjennomføring av vedtekne endringar leiinga vedtek får konsekvensar for Drift. Tynnare piler begge vegar signaliserer samarbeid, utveksling og læring.

Det er avgjerande at politikarar og valde representantar er aktivt med i vidareutviklinga, dette handlar om alle aspekt ved korleis kommunane utviklar og tilbyr innbyggjarane tenester, korleis våre barn får opplæring, korleis våre foreldre får oppfølging, korleis kommunane tek sitt ansvar innanfor helse og omsorg på alvor, korleis innbyggjarane trivast i kommunane, korleis næringslivet føler seg ivaretekne. Dette er ansvar som ikkje kan delegerast, og likeså er det viktig at administrativ leiing er sterkt involvera i dette arbeidt. Dette er ikkje IKT eller fageiningar sitt ansvar frå eit strategisk perspektiv.

Det bør sikrast langsiktig prioritering i det denne organiseringa steller med, slik at ein ikkje blir

Figur 10 - Overordna Organisasjons og Styringsmodell, forutsett samarbeid både på strategisk digitalisering og på operativ drift

avhengig av politiske vindar, tilfeldig forståing og kontinuitet i vedtak i kommunestyre. Denne organiseringa bør kunne ta opp lån for å sikre gjennomføring av gevinstprosjekt mot digitale ambisiøse og ynskte mål, i små kontrollera skritt. Vedtekter og struktur må sikre politisk og administrativ involvering og leiarstyring.

Både vanleg operativ drift og strategisk digitalisering krev relativt omfattande samarbeid med eksterne leverandørar, på mange området. Ref. denne rapporten så foreslåast å etablera ein sourcingstrategi som handterer dei mange utfordringane i dette, og som forenkler alt frå kontraktar til prisar på dei støttefunksjonane ein behøver.

Det ein må diskutere det er korleis 'Diginvest' skal vere bemanna, og at ein behandlar spørsmål som kven lagar strategien, kven kjem med dei gode planforslaga, dei gode ideane, legg fram businesskasene og beslutningsgrunnlaga. Kven leiar projektene. Kven sikrar gevinstane, at ein ikkje går i leverandørfellene, at ein ser vidare inn i framtida heller enn å byggja på det gamle når det er umogeleg. Kven fører forhandlingar. Kven leier transformasjonen. Kven har kontakt med andre strategisamarbeid, for å sikre eit breitt fundament, og at kostnader haldast nede; dvs. at investeringar gjev kontinuerlege og ikkje minst, ynskte gevinstar.

Det er viktig å ikkje gå i den fella å håpe at nye anbod er digitalisering for framtida, der ein kjøper dei same løysingane ein gong til frå dei same leverandørane. Ein må tenke langsiktig mål, og gå i mindre skritt mot desse måle, heile tida med kontroll.

# Budsjett

Budsjettet tek føre seg kun denne planen, og må forventast å endre seg for 2019. Hovedhensikten er å etablere ei samla oversikt på etablerte prosjekt og skissere kostnad for ei eventuell felles stilling knytt til digitalisering i Vest-Telemark. For meir detaljar, sjå avsnitta «etablere stilling» og «fellesprosjekt finansiert gjennom VTR».

## Kostnader

Skildring	2018	2019	2020	2021
Tilsetting - prosjektstilling	kr 500 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 500 000
Prosjekt: <i>Orden i eget hus</i>	kr 1 400 000			
Prosjekt: <i>Digital kommunikasjon</i>	kr 1 800 000			
Prosjekt: <i>Velferdsteknologi 2017</i>	kr 2 420 000			
Prosjekt: <i>Digitalisering og velferdsteknologi*</i> (kostnad til stilling trekkas inn her).	kr 270 000			
	<b>kr 6 390 000</b>	<b>kr 1 000 000</b>	<b>kr 1 000 000</b>	<b>kr 500 000</b>

## Finansiering

Kjelde	2018	2019	2020	2021
Kommunale midlar	kr 0	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 500 000
Kommunal eigenandel (arbeid i organisasjonane)	kr 1 810 000			
Eksterne fellesprosjekt med finansiering	kr 1 400 000			
Fellesprosjekt finansiert i budsjetta til VTR	kr 3 180 000			
	<b>kr 6 390 000</b>	<b>kr 1 000 000</b>	<b>kr 1 000 000</b>	<b>kr 500 000</b>

**Forslag til kostnadsdeling:** Modell for kostnadsdeling fylgjer etablert fordeling frå samarbeidet i Vest-Telemarkrådet.

Forslag til fordeling for drift av digitaliserings-stilling i Vest-Telemark

Kommune	Fast fordeling	%-vis innbyggerandel	%-andel	Årleg kostnad
Fyresdal	kr 83 333	9,31 %	kr 46 542	kr 129 875
Nissedal	kr 83 333	10,42 %	kr 52 082	kr 135 415
Tokke	kr 83 333	15,72 %	kr 78 617	kr 161 950
Kviteseid	kr 83 333	17,23 %	kr 86 168	kr 169 501
Seljord	kr 83 333	21,02 %	kr 105 116	kr 188 450
Vinje	kr 83 333	26,29 %	kr 131 475	kr 214 808
Vest-Telemark	kr 500 000	100,00 %	kr 500 000	kr 1 000 000

# Forankring

Planen for videre arbeid skal opp i Vest-Telemarkrådet, og forankrast i kommunane.

Digitalisering vil være ein krevjande prosess, der politisk og administrativ leiing har ei aktiv rolle for å legge tilrette for endringsprosesser og styring.

## Kjøreplan

<b>Dato</b>	<b>Oppgave</b>
3. januar	Sak i rådmannsutvalet
30. januar	Møte i AU - sak til VTR
13. februar	Handsaming i Vest-Telemarkrådet
13. februar	Godkjenning frå styret i Rådet for tilsetting (sjå delegeringsreglement for VTR)
Ultimo april	Kommunane har forplikta* seg til å delta i arbeid med felles med digitalisering
1. mai	Tidspunkt for utlysing av stilling
1. september	Tiltreding av stilling knytt til digitalisering i Vest-Telemark

*\*Om kommunane ikkje forplikter seg til å delta i arbeidet, må stillinga knytt til digitalisering knyttast til gjennomføring av prosjekt, og nyttast som ressurs for kommunane med alternativ handlingsplan. Der kommunane har ulike ynskje om framdrift og deltaking, må ein fastsette korleis dette skal handterast i ei forpliktande avtale.*

# Vedlegg og kjelder

Vedlegg:

**Prosjektplan:** Orden i eget hus, PL Erling Rønnekleiv

**Sluttrapport:** *Digitalisering og IKT drift - 2017 Interkommunalt samarbeid VT*, skrevet av Torbjørn Dybdahl

**Presentasjon:** 19.09.2017 «Digitalisering i Kongsbergregionen», av Britt Inger Kolseth

**Mandat:** «Digital kommunikasjon 2017»

**Mandat:** «Velferdsteknologi 2017»

Kjelder:

**Artikkel** «Digitalisering er mer enn teknologi» av Arlid Haraldsen på nettsida [digi.no](https://www.digi.no/artikler/kommentar-digitalisering-er-mer-enn-teknologi/410398) : <https://www.digi.no/artikler/kommentar-digitalisering-er-mer-enn-teknologi/410398>

**Bok:** Gotvassli, K. (2015). *Kunnskap, kunnskapsutvikling og kunnskapsledelse i organisasjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.